



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

## Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern - Torstveit, Vindafjord kommune

Grunneigar i området Torstveit, gnr./bnr. 144/1, i Vindafjord kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender dermed framlegg til vernegrense og verneforskrift for Torstveit naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 10. juni 2019.

### Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Formål med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, etter tilbod frå grunneigarane i Torstveit, sender med dette ut framlegg om å oppretta Torstveit naturreservat.

Opprettinga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

### Sakshandsaming



I brev av 26. juni 2018 sende Vestskog, på vegne av grunneigarane på gnr/bnr 144/1 i Vindafjord kommune tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Bjørn Moe 1996 med ny kartlegging av Rådgivande Biologer i 2018. I tillegg var Fylkesmannen v/ Einar Heegaard og John Inge Johnsen på synfaring vinterstid 2019.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 19. mars 2019. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneframlegget omfattar nå gnr.bnr. 144/1.

Fylkesmannen vil samanfatta den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

### **Naturverdiar**

Verneområdet ligg i sitt heile innanfor eigedomen 144/1 knytt tilt Torstveit gard i Vindafjord kommune. I sør startar grensa ved Hovåsen og følger austgrensa til eigedomen til Bårnuten kor den strekk seg vestover ot Reset. Her følger den vestgrensa til eigedomen eit stykke før vernegrensa går aust om garden Torstveit og sør til Hovåsen.

Området er dominert av Furuskog av varierende kvalitet. Naturverdiane er i hovudsak knytt til to kjerneområde med eldre skogsbestander. Det er stor dimensjon på furu i deler av skogen. Markslaget er blåbarmark til lyngskog (NiN) med fuktige utformingar og einskilde myrar spesielt i nord. Det er gode spelplassar for storfugl og orrfugl. Langselva som går gjennom reservatet er det lauvskog, med svartor og bjørk.

Området er ein typisk representant for vestnorsk furuskog, og vil bidra med ein komplimentert naturtypeinventar samanlikna med dei andre furuskogsdominerte reservata i nærleiken. I regionen vil Torstveit naturreservat bli ein del av eit furuskogsnettverk av naturreservat.

### **Andre tilhøve**

Det finst noko planta gran i utkanten av området. Ved synfaring fann me lite oppslag frå desse bestandane i verneområdet. Det er observert nokre klynger av framande artar innanfor vernearealet.

Det er fleire traktorvegar opparbeida innanfor vernegrensa. Desse vert nytta til landbruksføremål og omtala i forskrifta. Det er hovudsakeleg sauehald på garden, og skogen vart nytta som beite.

### **Praktisk om høyringa**

Vedlagt følgjer framlegg til vernegrense på kart og framlegg til verneforskrift for naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 10. juni 2019. Eventuelle fråsegn skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no).



Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. Fylkesmiljøvern sjef

Einar Heegaard  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

- 1 Framlegg til grense for Torstveit naturreservat Vindafjord kommune
- 2 Framlegg til forskrift for Torstveit naturreservat Vindafjord kommune
- 3 Innspel til oppstartsmelding om frivillig skogvern Torstveit, Vindafjord kommune

Adresseliste:

NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING AVD. ROGALAND	c/o Svein Imsland Gjerdehagen 58	4027	STAVANGER
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
Dagfinn Torstveit	Ole Frøvigs Gate 5	5532	Haugesund
HAUGALAND KRAFT NETT AS Jan Ivar Rødland	Postboks 2015	5504	HAUGESUND
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
Norsk Ornitologisk forening avdeling Rogaland	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi	pb. 115	1431	ÅS
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO



Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU	Høgskoleringen 1	7034	TRONDHEIM
VESTSKOG SA	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
NORSK INDUSTRI	Sunde 100	4993	SUNDEBRU
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Norges geologiske undersøkelser (NGU)	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Friluftsrådet Vest	pb. 63	5575	Aksdal
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
SABIMA	Mariboies gate 8	0183	OSLO
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	Rena
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Johannes Georgson Torstveit	Ettestølveien 393	4985	Vegårshei
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET	Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO